

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr. 5. of 12.

Herad: Bremnes.

Emne: Gamal engkultur .

Bygdelag: Innvær, Rubbestadnes.

Oppskr. av: Halvdan Endresen,  
og fru Anna Innvær

Gard: Rubbestadneset.

(adresse): Rubbestadneset.

G.nr. 83 Br.nr. 33.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Anna Innvær, 50 år, Bøndekone.

## SVAR

1. Utslaatter finst ikkje her, men tuleg andre steder i Bremnes (Utslåtøy?). Eng er bruka paa sams maaten som nemnt i lista. Ekre, attlegg og aakerlei er kjend og er bruka om aaker som er attlagd, eller grodd att. Beste bakkene var kalla "seke" (ei seka) og laag helst slik til at dei fekk tunsiget. Høyet vart kalla longhøy og smaa høy, og god slaatt og skrapslaatt. Det lange høyet vart bruka til kyrne, aet smaa til smalen, og vart kalla ofte smalahøy. Lengerv vart ikkje aalment brukt før i dei siste 40 - 50 år.

2. I vaar bygd er her svært lite tre, so lauving har vere lite brukt. Beane var rydja sist i mai, til dette arbeidet var brukt riva. Arbeidet vart kalla aa rydja, (rydjedunger). Lauv og mose vart anten brent, eller eller nytta som underbredsle til gris og kalvar. Stein vart hiva i røysene. Rydjedungar av møk vart oftast borne paa aakrar, gjerne paa ein stad der aet var lite mold- og spadd ned der.

3. Mosen fekk veksa i fred, - aa saa grasfrø vart ikkje bruka.

4. Myrane har helst vere bruka til aa spa torv i, skjeden dyrka. I engi vart gjerne teken veitar, studom steinsette, men ofte var aet grunne opae veitar. Dei

2.

Dei vart kalla tassinge-veitar. Vatning har aldri vere i bruk her.

5. Til umlag 50 aar sidan var det lite vanleg aa gjødsla engi, men det som var bruka var: slo, møk og kanskje litt kumøk. Smalamøki vart alltid bruka paa potetene. Aakren vart jamnast delt i 3: Ein trijepart poteter, ein havre og ein bygg. Og dette skifte daa, so det var aldri same slag aar etter aar.

6. Namni er ikkje kjend her. Men me har "tøgras" og "tønna" det er gras som veks der det er svært feitt, serleg der det er sig fraa hus.

7. Uthusi vart ofte sette slik at tøda rann nedover, og gjerne vart det teke smaa tassingeveitar og . Aakrar vart ofte lagd slik at siget fraa dei skulle koma engi tilgødsle. Gjerne spadde dei ikkje so goet ut i reinaane, for der vart ofte mykje gras paa den kanten som daa grodde att.

8. Som sagt vart engi svært lite gjødsla, men det little som var, var om vaaren. Reidskapene var dei same som for aakergjødsling.

Dei som hadde nest køyrde gjødslen ut paa dragslede, andre bar gjødslen i kipa paaryggen. Spreiaingi vart kalla aa "setja utøve" . Til dette vart bruka trespader og tregreip.



Skiftet har kome litt etter kvart, so det er kje so godt aa tidfeste dette, men her er vel faa under 60 aar som hugsar trespader og tregreip no.

9. Aalata kyrne beita paa bœen om vaaren vart berre gjort naar det fornaua, - aldri med tanke paa gjødsla.

Men om hausten fekk kyr og smaler gaa fritt i kring etter det var innausta.

10. Det er fyrst i den siste mannsalder der har vere noke skifte paa dette, etter at tilsaaing av grasfrø vart teken i bruk.

11. Nei.



12. I godt ver laag gjerne kyrne ute, men kvar mann hadde sumarfjøs, eller utefjøs, som det vert kalla her. Den stod som regel i bøgarden, med ei dør til utemarki og ei til heimegarden-bøen. Gjødsla vart teken heim.

13. Ikkje bruka her.

14. Ukjennt.

15. Varg og bjørn ukjennt her. Før umlag 100 aar sidan

16. Ukjennt. ( laut dei gjeta smalen i utmarki um  
( sumaren, og na dei inn um natti før  
( skuld reven.)

17. Ukjennt.

18. Ukjennt.

19. Ordet støl er bruka her om den staden der kyrne kjem for aa verta malka. Me segjer dei 'stølar seg', naar dei kjem der til mjølketid. Sameleis segjer me at me skal gaa paa stølen, naar me skal gaa ~~støla~~ og malka, same om me lyt gaa langt til markar etter kyrne.

Det vert brukt som namn paa heimar og. Døme: Gamlestølen, Finnaas-stølen. Det er stader som i gamal tid har vere bruka til støl, men som har budd folk paa i mange maansaldrar no.

20. Ukjennt.

21. Her vart bruka nokok dei kalla "størøys". Nokre steinar vart laga i ein ring, helst paa ein liten haug der tōda kunne siga til alle kantar. Der vart tōmd fiske-sle, eska, tang og anna avfall.

Tilleggsspørsmål:

Fiskebein, fiskehovud, har ikkje vere bruka til brenn-sel. Ikkje heller kumøk, men rydjeaungar av kumøk har vere bruka, naar dei var turre, og det var smaatt med brennslet. Nokon regel nar det truleg ikkje vere.

Blank lined paper with a blue border and horizontal ruling lines.